



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 15.03.2022
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 11:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Fast orientering

- Sjukefråvær
- Heiltidskultur

SAKSLISTE

| SAKSNR | TITTEL |
|---------|---|
| 01/2022 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 02/2022 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL |
| 03/2022 | ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE |

8. mars 2022

Hege Eide Vik
Leiar



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|------------------------|------|------------|
| 01/2022 | Administrasjonsutvalet | PS | 15.03.2022 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Lin Tove Thomassen | FE-033 | 22/298 |

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|------------------------|------|------------|
| 02/2022 | Administrasjonsutvalet | PS | 15.03.2022 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|--------|------------|
| Lin Tove Thomassen | FE-033 | 22/298 |

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 30.11.2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 30.11.2021
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 10:00 - 11:30

ORIENTERINGAR

- Sjukefråvær
- Heiltidskultur

Møtedeltakarar:

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|-----------------------------|-------|------------|
| Hege Eide Vik | SP | Utvalseiar |
| Kjartan Haugsnes | SV | Nestleiar |
| Boris Groth | FRP | Medlem |
| Erlend Hesjedal-Johannessen | H | Medlem |
| Thor Andersen | AP | Medlem |
| Heidi Rongved | AP | Medlem |

| Varamedlemmer | Parti | Rolle |
|----------------------|-------|------------|
| Trond Olav Magnussen | H | Varamedlem |
| Alexandra Nilsen | | Varamedlem |
| Marianne Foss Borge | | Varamedlem |

| Forfall | Parti | Møtande varamedlem |
|----------------------|----------|--------------------|
| Amalie Johnsen Lunde | H | |
| Lillian Seim | Arb. org | Margrethe Kydland |
| Marit Midtun | Arb. org | |
| Nina Johnsen | Arb. Org | Alexandra Nilsen |

Andre møtande:

Marianne Foss Borge var innkalla som vara for Marit Midtun. Ho meldte forfall ved møtestart.

Kommunedirektør Atle Fasteland
HR-leiar Randi Solveig Pedersen
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen



Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|---------------|--|
| 12/2021 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 13/2021 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL |
| 14/2021 | ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE- DRØFTINGSSAK |
| 15/2021 | DRØFTING - ARBEIDSGJERVARSTRATEGI OG ANDRE VIKTIGE DOKUMENT/STRATEGIAR |
| 16/2021 | FRAMLEGG TIL BUDSJETT - UTTALE |



12/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 30.11.2021

Behandling:

Heidi Rongved, Ap viste til førre møte i Administrasjonsutvalet då arbeidstakarorganisasjonane ba om at utvalet bør få høve til å behandle budsjettet før formannskapet innstilte til kommunestyret. Dette vart ikkje følgt opp i år, men ho ber om at det vert følgt opp neste år.

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent.

ADM - sak 12/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

13/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 30.11.2021

Behandling:

ADM - sak 13/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

14/2021: ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE- DRØFTINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



Forslag til vedtak felles framlegg frå utvalet, ført inn i møteportalen av Boris Groth:

Saka tas til orientering, og utvalet sluttar seg til tidsplanen skissert i saksutgreiinga.

Administrasjonsutvalet 30.11.2021

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Utvalet la fram følgjande forslag til vedtak:

Saka tas til orientering, og utvalet sluttar seg til tidsplanen skissert i saksutgreiinga.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 14/2021 Vedtak/Tilråding:

Saka tas til orientering, og utvalet sluttar seg til tidsplanen skissert i saksutgreiinga.

15/2021: DRØFTING - ARBEIDSGJERVARSTRATEGI OG ANDRE VIKTIGE DOKUMENT/STRATEGIAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fellesforslag frå administrasjonsutvalet, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Administrasjonsutvalet ber om utvalet vert involvert i prosessen. Dette gjer til at:

- Det vert lagt opp til ekstramøter i adm. utvalet - fortrinnsvis saman med formannskapet våren 2022
- Strategiane vert handsama punktvis
- Ber om at tidsplan vert følgt med vedtak i kommunestyret juni 2022

Administrasjonsutvalet 30.11.2021

Behandling:

Administrasjonsutvalet drøfta saka.

Kommunedirektøren svarte på spørsmål.

Administrasjonsutvalet la fram følgjande forslag til vedtak:

Administrasjonsutvalet ber om utvalet vert involvert i prosessen. Dette gjer til at:

- Det vert lagt opp til ekstramøter i adm. utvalet - fortrinnsvis saman med formannskapet våren 2022
- Strategiane vert handsama punktvis



- Ber om at tidsplan vert følgt med vedtak i kommunestyret juni 2022

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak, vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 15/2021 Vedtak/Tilråding:

Administrasjonsutvalet ber om utvalet vert involvert i prosessen. Dette gjer til at:

- Det vert lagt opp til ekstramøter i adm. utvalet - fortrinnsvis saman med formannskapet våren 2022
- Strategiane vert handsama punktvis
- Ber om at tidsplan vert følgt med vedtak i kommunestyret juni 2022

16/2021: FRAMLEGG TIL BUDSJETT - UTTALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1

Utvalet/rådet gjev følgjande uttale til Budsjett 2022: _____

Alternativ 2

Utvalet/rådet tek saka til orientering.

Forslag til uttale frå Fagforbundet:

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet.

Administrasjonsutvalet meiner at ingen skal seiast opp som følge av innsparingar eller omorganisering.

Forslag frå SV, Høgre og FrP, ført inn i møteportalen av Erlend Hesjedal-Johannessen, H:

Administrasjonsutvalet ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal Kommune har som målsetting at ingen skal seiast opp som følgjer av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast gjennom frivillege avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering - vidareutdanning.

Administrasjonsutvalet 30.11.2021

Behandling:



På vegne av fagforbundet la Margrethe Kydland fram følgjande tilleggsforslag:

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet.

Administrasjonsutvalet meiner at ingen skal seiast opp som følge av innsparingar eller omorganisering.

Thor Andersen, Ap gjekk gjennom Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag for budsjett 2022.

Endingsforslaget var ikkje endeleg og det vil bli justeringar før det vert lagt fram for kommunestyret 14. desember.

På vegner av SV, Høgre og Frp la Erlend Hesjedal- Johannessen fram følgjande tilleggsforslag:

Administrasjonsutvalet understreker at det er viktig at arbeidstakarorganisasjonane blir involvert så tidleg som mogleg ved omorganisering eller andre tiltak som følge av budsjettet.

Administrasjonsutvalet meiner at ingen skal seiast opp som følge av innsparingar eller omorganisering.

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering.

Fagforbundet sitt forslag vart sett opp mot SV,H og Frp sitt forslag til vedtak:

Fagforbundet sitt vedtak fekk 4 stemmer (Thor Andersen, Ap, Heidi Rongved, Ap, Alexandra Nilsen, Fagforbundet, Margrethe Kydland, Fagforbundet) mot fellesforslaget som fekk 4 stemmer (Kjartan Haugsnes, SV, Erlend Hesjedal- Johannessen, H, Trond Olav Magnussen, H, Boris Groth, Frp).

Dersom tal stemmer for dei ulike forslaga er likt, er det møteleiar Kjartan Haugsnes, SV sin stemme som vart avgjerande, jamfør kommunelova § 11-9 og forslaget til SV, H og Frp vart vedteke.

ADM - sak 16/2021 Vedtak/Tilråding:

Administrasjonsutvalet tel saka til orientering.

Administrasjonsutvalet ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal Kommune har som målsetting at ingen skal seiast opp som følgjer av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast gjennom frivillege avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering - vidareutdanning.



Forfall:

Utvalsleiar Hege Eide Vik måtte melda forfall på kort varsel. Det var ikkje mogleg å få på plass vara på grunn av kort frist. Nestleiar Kjartan Haugsnes leia møtet.

Marit Midtun, Utdanningsforbundet måtte melda forfall. Hennar vara Marianne Foss Borge kunne ikkje møta.

Orienteringar

HR-leiar Randi Solveig Pedersen orienterte om sjukefråvær 3. kvartal og heiltidskultur.



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|------------------------|------|------------|
| 03/2022 | Administrasjonsutvalet | PS | 15.03.2022 |
| | Kommunestyret | PS | |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|--------|------------|
| Randi Solveig Pedersen | FE-490 | 21/1476 |

ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Lokal særavtale 2009

AMU sitt vedtak i sak om arbeidstøy til tilsette i Vaksdal kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tilrår følgjande reglar for arbeidstøy i Vaksdal kommune:

Oppvekst

- Tilsette i barnehage og SFO får årleg godtgjersle på kr 2 400 til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvler. Beløpet graderes ut frå stillingsstorleik og gjeld for faste tilsette, samt for fast vikariat (vikar for fast stilling)
- Skulane og barnehagane kjøper inn kjortler/forklær etter behov. Desse kan brukes i kunst og håndverk, samt mat og helse

Helse og meistring:

- Arbeidsgjevar har ansvaret for å ha arbeidstøy tilgjengeleg for tilsette på institusjon og i heimetenenesten
 - Bukse og overdel til tilsette på sjukeheim/institusjon og heimetenenesten
 - Ytterjakke som er vindtett og delvis vannavstøtande for tilsette i heimesjukepleien
 - Vinterjakke til tilsette i heimetenenesten
- Arbeidsgjevar sørger for at kleda blir vaska på vaskeri
- Ekstra utstyr som gamasjer, brodder, refleks og paraply er tilgjengeleg ved behov
- Tilsette på institusjon og i heimetenenesten får årleg beløp på kr 500,- til kjøp av arbeidssko. Dette gjelde for faste tilsette og for tilsette i fast vikariat (vikar for fast stilling). Beløp er uavhengig av stillingsstorleik

- Tilsette i Elvevegen har kjeledresser tilgjengeleg

Bakgrunn for saka / Formelt grunnlag

Det vises til sak [14/2021](#) i administrasjonsutvalet den 30.11.2021, samt kommunestyremøtet 15.06.2021, sak [68/2021](#), Interpellasjon til kommunestyret – Arbeidstøy i helse og omsorgstenesta.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren inviterte til møte med Hovudverneombod, hovudtillitsvalte og HR leiar den 17.01.2022. I dette møte blei ein einige om at HR leiar skulle kalle inn til møte med einingsleiarane, hovudtillitsvalte og hovudverneombod for å kartlegge dagens praksis og vidare ønskjer for arbeidstøy.

HR leiar inviterte til møte i kommunestyresalen den 28.01.2021. Hovudtillitsvalte frå Fagforbundet, Utdanningsforbundet og NSF stilte på møte. Det samme gjorde einingsleiarane for skule, barnehage og kultur og helse og meistring. I tillegg deltok Hovudverneombod, HR konsulent og HR leiar.

Etter møtet/kartlegging fant HR leiar ein papirutgåve av lokal særavtale om arbeidstøy, datert 16. september 2009, sjå vedlegg. Denne avtalen gjelder for tidsrommet 01.06.2009 – 31.12.2010. Så langt ein kan sjå er avtalen ikkje fornya eller laga ny avtale etter dette. Vi ser likevel at dagens praksis er tilnærma lik det som står i denne særavtalen.

Saka vart sendt vidare til handsaming i AMU den 3. mars 2022. Sjå vedlegg. Forslaget som blei lagt fram og vedtatt i AMU inneholder dagens praksis med nokre ønska justeringer/forbedringar. AMU sine innspel er teke med i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

| | |
|-----------------|---------------|
| VAKSDAL KOMMUNE | |
| Arkivsak D. | Sekshands. BD |
| 09/709 | |
| 16 SEPT. 2009 | |
| Klassering P | 517 |
| Klassering S | |
| JpostID | Dok.nr. |
| Kassasjon | Gradering |

LOKAL SÆRAVTALE OM ARBEIDSTØY

Sentral særavtale(SGS 1002):

”Arbeidstøy

Arbeidstaker får som hovedregel utlevert arbeidstøy etter behov. Behovet avgjøres av partene lokalt gjennom særavtale. Ved uenighet om behovet gjelder Hovedavtalen del A § 4-5, jf. § 6 -2.

I de tilfeller det er behov for arbeidstøy, jf. ovenfor, men partene er enige om at det er mest hensiktsmessig at arbeidstaker selv skaffer arbeidstøy, skal det gis refusjon for de faktiske utgiftene.”

Lokal særavtale for arbeidstøy/klegodtgjersle er inngått med heimel i HTA kap.0 og sentral særavtale (SGS 1002)

I Vaksdal kommune er partane samde om at tilsette innanfor følgjande arbeidsområde kan ha behov for arbeidstøy: Barnehage, skule og SFO, pleie og omsorg , psykiatri, helsetenester, teknisk, eigedom, reinhald og brann.

Med arbeidstøy meiner me klede som arbeidstakarane må nytta grunna skadeførebygging, hygieniske tilhøve, smuss og slitasje. Som døme nemner me: Vernesko, vernetøy, kjeledress, arbeidshanskar, sjukehusøty og liknande typer klede.

| Tenesteområde | Arbeidstøy |
|--|--|
| Barnehagar, skule, SFO | Uteklede: Kjeledress eller to-delt dress Regntøy Vassette sko Inneklede: Arbeidsforkle/frakk (formingsaktivitet, maling, laboratorium, baking o.l) Tøy til kroppsoevning |
| Helsestasjon | Arbeidsfrakk/sjukehusfrakk/kittel |
| Sjukeheim/institusjon | Sjukehusstøy som vert kjøpt inn av arbeidsgjevar |
| Heimetenester (heimhjelp, heimesjukepleie, psykiatri, rus, utviklingshemma) | Sjukehusstøy som i institusjon eller bukse, kort- og langarma overdel, utejakke og arbeidsveske. Ved uteaktivitetar kjem kjeledress/to-delt dress i tillegg. |
| Teknisk, eigedom, reinhald og brann | Her fungerer ordninga i samsvar med ny særavtale, einingane kjøper inn verneutstyr og arbeidstøy tilpassa arbeidssituasjonen . |


Vaksdal kommune v/aktuell einingsleiar kjøper inn arbeidstøy og leverar ut etter behov. Innkjøp skal gjerast i tråd med Vaksdal kommune sine innkjøpsreglar. Arbeidstøyet er Vaksdal kommune sin eigedom og skal leverast tilbake dersom den tilsette sluttar.


Etter avtale med einingsleiar kan tilsette sjølve kjøpe inn arbeidstøy og motta ei godtgjersle for dette. Godtgjersle for 100% stilling kr.1800, kr.600 uansett stillingsstorleik, resterande fordelast utifrå stillingsstorleik.


Denne avtalen gjeld frå 01.06.09-31.12.2010.


Avtalen erstattar tidlegare føresegner som regulerer klegodtgjersle.

Dale, 21. august 2009



for Vaksdal kommune




for Fagforbundet


for Utdanningsforbundet


for NSF


for FO



Notat

Til
Kopi til:

Saksbehandlar: Stab/Randi Solveig Pedersen
Vår referanse: 22/300 - 22/2612
Dato: 06.03.2022

Emne: AMU sitt vedtak i sak om arbeidstøy til tilsette i Vaksdal kommune

Sak 5/2022 – Arbeidstøy for tilsette i Vaksdal kommune – Drøftingssak

Det vises til sak 14/2021 i administrasjonsutvalet den 30.11.2021 (arkivsak ID: 21/1476) I kommunestyret 15.06.2021, sak 68/2021, Interpellasjon til kommunestyret – Arbeidstøy i helse og omsorgstenesta, svarte ordføreren mellom anna dette:

«Ordførar vil arbeide for at administrasjonen i første omgang legg fram ei drøftingssak i AMU og vidare til administrasjonsutvalet. Vidare vil eg jobba for at hovudverneombod og hovudtillitsvalt i dei aktuelle arbeidstakarorganisasjonane vert involvert og får komme med sine syn og anbefalingar på saka. Det er viktig å få vite kva det reelle og opplevde behovet til dei tilsette er. Til slutt vil eg arbeide for at me får fram ei sak til budsjettet i 2022.

Ordfører svara også at ho ønskjer å involvere arbeidstøy for tilsette i skular og barnehagar.

Dessverre blei saka liggande ubehandla slik at den ikkje blei fanga opp før budsjettforhandlingane for 2022.

Kommunedirektøren støtter ordførar sine vurderingar i behovet for å involvere hovudtillitsvalte og hovudverneombod i arbeidet.

Tidsplan for det vidare arbeidet blei beslutta slik:

- 30.11.2021 – Administrasjonsutvalet drøfter saka
- 01.12.2021 – Kommunediktøren inviterer hovudtillitsvalte og hovudverneombod til å komme med uttale i saka, frist 15.01.2022
- Våren 2022 – Administrasjonsutvalet behandler saka og innstiller til kommunestyret

Kommunedirektøren inviterte til møte med Hovudverneombod, hovudtillitsvalte og HR leiar den 17.01.2022. I dette møte blei ein einige om at HR leiar skulle kalle inn til møte med einingsleiarane, hovudtillitsvalte og hovudverneombod og drøfte saka.

HR leiar inviterte til møte i kommunestyresalen den 28.01.2021. Hovudtillitsvalte frå Fagforbundet, Utdanningsforbundet og NSF stilte på møte. Det samme gjorde einingsleiarane for skule, barnehage og kultur og helse og meistring. I tillegg deltok Hovudverneombod, HR konsulent og HR leiar.

Bestemmelser/avtaler

Bestemmelser om arbeidsklær og utgiftsdekning av dette er ikkje omhandla av nokon lovbestemmelser. Som hovudregel er dette basert på tariffavtale, personalreglement eller interne avtalar.

Teknisk avdeling

Fagforbundet orienterte om at teknisk avdeling og reinhald har arbeidstøy til disposisjon. Dei får også stønad til kjøp av arbeidssko. Derfor er det ikkje naudsynt å ta dei med i den vidare vurderinga.

Skule, SFO og barnehage

Einingsleiar skule skulle ønskje at tilsette i barnehage og SFO får samme støtte til arbeidsklede. Begge desse gruppene er ute i fleire timer i alle typer vær.

SFO har kjøpt inn varmedresser som dei tilsette kan låne. Tilsette synes ikkje det er så greit bruke dresser som andre har brukt før dei.

Einingsleiar for barnehage informerte om at tilsette i barnehage har kompensasjon på kr 1800,- i året for 100% stilling. Beløpet vert rekna ut frå stillingsstorleik og er øyremerka utedress, regntøy og utesko/støvler. Ho sa at beløpet er lavt. Det har ikkje vore justert på lenge.

Hovedverneombudet informerte om at tilsette i barnehage slit mykje på private kler i jobben sin. Hovudtillitsvalte frå fagforbundet foreslår at skulane kan kjøpe inn kjortler, forklær etc. som dei tilsette kan låne til bruk i kunst og håndtverksfag og til bruk i mat og helse fag.

Helse og meistring

Helse og meistring har arbeidstøy tilgjengeleg for tilsette, utanom personalet i Elvevegen.

Sjukeheimsinstitusjonane leiger uniform som består av bukse og overdel frå Nortekstil.

Heimetenesta har kjøpt inn eigne uniformer som består av bukse og overdel. Det lokale vaskeriet på Helsehuset har ansvar for vask av kleda til heimetenesta.

Tilsette i heimetenesta har eigen kommunal softshell jakke, med ein liten Vaksdal kommunelogo på. Denne er vindtett og delvis vassavisande. Det har vore ønske om å få ei tjukkare vinterjakke til å ha på kaldare dagar. Dette har blitt kjøpt inn, slik at tilsette i heimetenesta nå har 2 typer jakker til disposisjon.

Personalet i Elvevegen nyttar ikkje uniform, men kan sjå behov for arbeidstøy i enkelte situasjonar.

Helse og meistring har pr i dag ikkje ei ordning der personalet får dekkja kostnader til skotøy. Dette har vore diskutert med einingsleiar. Tilsette i institusjon og tilsette i heimetenesten bør få dekke kostnader til arbeidssko. Dei går mykje på harde golv.

Hovudtillitsvalte for NSF melder at tilsette på Daletunet og sjukeheimen på Vaksdal har ønske om sko. Ut over dette har ho fått lite tilbakemeldingar.

Tilsette på reinhald går også mykje på harde golv. Her får ein dekkja kjøp av sko, med inntil kr 1000,-. Skoa blir bytta når dei gamle er utslitt. Ei slik ordning vil vere vanskeleg å administrer innan helse og meistring. Det er derfor foreslått at tilsette på institusjon og tilsette i heimetenesten kan få tilskot til arbeidssko med kr 500,- årleg.

Ellers har ein tilgjengeleg utstyr som: brodder, refleks og paraply. Dette kan dei tilsette låne ved behov.

Lokal særavtale om arbeidstøy

Lokal særavtale om arbeidstøy, datert 16. september 2009 er vedlagt.

Denne avtalen gjelder for tidsrommet 01.06.2009 – 31.12.2010. Så langt ein kan sjå er avtalen ikkje fornya eller laga ny avtale etter dette.

Oppsummering/forslag

- Tilsette i barnehage og SFO får godtgjersle til kjøp av kjeledress, regntøy og utesko/støvler. Beløpet på kr 1800,- justeres til kr 2400,- (beløpet fra september 2009 er justert med konsumprisindeksen januar 2022). Beløpet graderes ut frå stillingsstorleik
- Skulane og barnehagane kjøper inn kjortler/forklær etter behov. Desse kan brukes i kunst og håndtverk, samt mat og helse
- Tilsette i helse og meistring:
 - Arbeidsgjevar har ansvaret for å ha arbeidstøy tilgjengeleg for tilsette på institusjon og i heimetenesten
 - Bukse og overdel til tilsette på sjukeheim/institusjon og heimetenesten
 - Ytterjakke som er vindtett og delvis vannavstøtande for tilsette i heimesjukepleien
 - Vinterjakke til tilsette i heimetenesten
 - Arbeidsgjevar sørger for at kleda blir vaska på vaskeri
 - Ekstra utstyr som gamasjer, brodder, refleks og paraply er tilgjengeleg ved behov
 - Tilsette på institusjon og i heimetenesten får årlig beløp på kr 500,- til kjøp av arbeidssko
 - Tilsette i Elvevegen har kjeledresser tilgjengeleg

Innspel i møte:

Barnehage og SFO - Godtgjersle på kr 2400,- graderes ut frå stillingsstorleik for faste tilsette og for fast vikariat (vikar for fast stilling).

Helse og meistring - Alle faste tilsette og vikar i faste stilling på institusjon og i heimetenesten får årleg kr 500,- til kjøp av arbeidssko. Beløpet er uavhengig av stillingsstorleik.

Vedtak

Saka vert godkjent av AMU med dei presiseringane som kom i møte

Med helsing

Randi Solveig Pedersen
HR-leiar